

Referat frå styremøte nr. 6-2020

Dato: 30.04.20

Tid: Kl. 13.00-15.00

Stad: Teams-møte

Til stades frå styret i SR:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordfører i Stranda kommune)
Nestleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)
Styremedlem Dag Olav Tennfjord (politikar i Ålesund kommune)
Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)
Styremedlem Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)
Styremedlem Andreas Chr. Nørve (ass. rådmann i Herøy kommune)

Forfall:

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (kommunalsjef i Ålesund kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

Sak 26/2020: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Innkallinga vart godkjend.

Som sak til eventuelt var ein førespurnad frå Maritimt Forum Nordvest om SR kan sende eit brev til regjering og Storting til støtte for dei tiltaka Maritimt Forum har føreslått for maritim næring som følgje av koronaepidemien og oljeprisnedgangen. Styret kom til at ein ville gjere det. Dagleg leiar fekk i oppgåve å utforme forslag til brev. Det kom innspel frå styret om at SR også må engasjere seg for møbelnæringa.

Sak 27/2020: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 5-2020 (23.04.20)

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet vart godkjend.

Sak 28/2020: Framtidig organisering av regionrådet

Innleiing ved styreleiar Jan Ove Tryggestad og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar oppsummerte kommunebesøka han hadde vore på i 2018.

Tilbakemeldingane frå kommunane var at ein ønskjer at SR skal arbeide med dei store politiske sakene, t.d. helse, samferdsel og næringsliv. Vidare at SR skal styrke samspelet mellom offentleg og privat sektor. Samarbeid med fylkeskommunen, dei andre regionråda og utdanningsinstitusjonane vart også nemnd.

Frå styret vart det kommentert at ein treng slike møteplassar som Sunnmøre Regionråd. Ordførarsamlingane er viktige for å bli kjend med kvarandre og for å framsnakke regionen – å stå saman for Sunnmøre.

Styret meinte at SR burde velje ut 3-5 saker å arbeide med på kort og lang sikt. Sakene må vere relevante for alle kommunane. SR må i tillegg kunne engasjere seg i dagsaktuelle saker. Administrasjonen, styret og representantskapet må setje agendaen i fellesskap. Det må utarbeidast handlingsplanar for kvart år som vert justert etter behov.

Styret drøfta vegval i høve til det dei skal presentere for representantskapet i juni. M.a. var det frå styret nemnd følgjande:

- stikkord for drøftinga er forankring, prioritering og spissing
- SR-organisasjonen (administrasjon, styre og representantskap) må vere vaken og

- kjenne «pulsene» på det politiske livet på Sunnmøre. Halde sunnmørsfana høgt heva!
- strategien til SR er god, men for «ullen». SR må verte tydlegare i høve til vegval og kommunikasjon. Kva er det overordna målet for SR sin funksjon? SR må stå opp for verdiar og satsingsområde på Sunnmøre.
 - det avgjerande spørsmålet vert om SR klarer å snu aktiviteten meir i retning av politisk arbeid (store politiske saker) og ein sterk sunnmørsregion. SR skal mobilisere politisk, invitere inn partnarar frå kommunar, næringsliv og akademia, og skape «fellesfølelsen».
 - å spisse prioriteringane og stå ved desse er ein nøkkel til suksess. SR må ha ein prosess om kva som er den viktigaste politiske saka (den saka som må løysast først) på Sunnmøre. Styret bør legge fram forslag til prioriteringsliste for representantskapet, som vurderer kva som er det viktigaste. Saka til representantskapet må vere godt førebudd.
 - innovasjon, kompetanse og verdiskaping er eksempel på saker ein kan samlast om.
 - strategien må forankrast «på heimebane» slik at alt regionrådet driv med er godt forankra før ein «gir gass». Utan forankring har ikkje SR Sunnmøre i ryggen. Regionrådet må vere relevant for alle deltakarkommunane.
 - det handlar om spissing i høve til saker og administrativ ressursbruk. Å arbeide med saker handlar om meir enn å skrive uttaler, t.d. strategisk bruk av ressursar for å påverke (kjøp av konsulenttenester). SR må vere rigga for kunne bidra med kompetanse i arbeidet med dei politiske sakene. Dette er også eit ressurs spørsmål og ei kost-nytte vurdering som det er behov for å drøfte med eigarane.
 - kva skal vere Sunnmøre Regionråd si rolle jf. KS, fylkeskommune og kommunale oppgåver. Å beskrive dette vil bidra til definere SR sine oppgåver.
 - det er mange forventningar til SR.
 - SR kan gjere ein forskjell i høve til å halde fylket samla.
 - SR må kunne involvere seg sjølv om det ikkje gjeld heile regionen.
 - SR må kunne nytte Teams til t.d. møter med Mørebenken og webinar.
 - SR må kunne rigge seg i høve til arbeid med statsbudsjett/revidert statsbudsjett, nasjonal transportplan og relevante høyringar (kapasitetsspørsmål).
 - SR bør samordne og ha ei meining om prioriteringar på fylkesnivå og kople seg tydlegare på regional- og næringsavdelinga i fylkeskommunen.
 - SR må støtte opp om Ålesund kommune sitt utviklingsarbeid i regionen, t.d. FN-laben.

Styret drøfta korleis ein prosessuelt skulle arbeide vidare med saka fram til møtet i representantskapet 5. juni. Skal ein setje saka på ut anbod for å engasjere ekstern konsulent eller skal dagleg i SR setje opp eit forslag om vegen vidare med bakgrunn i styret sine drøftingar? Styret landa på det sistnemnde.

Styret drøfta om ein burde involvere representantskapsmedlemmane i arbeidet fram mot representantskapsmøtet, då involvering kan ha noko å seie for oppslutninga om saka.

På neste møte vil styret også drøfte styresamansettinga i SR i høve til geografi, kommunestorleik og om rådmenn framleis kan/skal vere styremedlemmar.